



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad:	Gloppen
Dato:	28.11.2025
Tidspunkt:	09:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte 09.30 til 11.30
Juletallerken på hotellet etter møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 22/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 23/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 4/25	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 5/2025		2019/10793
RS 5/25	Ålfotbreen landskapsvernområde - gjennomførte tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2025		2019/4056
ST 24/25	Ålfotbreen verneområdestyre - fråsegn til plan- og utgreiingsprogram for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk		2025/7290
ST 25/25	Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2026		2019/2582
ST 26/25	Ålfotbreen verneområdestyre - revidere tiltaksplan		2019/10801
ST 27/25	Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om tiltaksmidler for 2026		2019/4056
ST 28/25	Ålfotbreen verneområdestyre - bestille ressursar frå Statens naturoppsyn i 2026		2024/17534
ST 29/25	Ålfotbreen verneområdestyre - vedta prosjektplan for revidering av besøksstrategi		2025/14973
ST 30/25	Eventuelt		

ST 22/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 23/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/10793-29
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 20.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/25	28.11.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 5/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte vedtak

Det er ikkje handsama saker med delegert mynde sidan førre styremøte.

Økonomi

Styret har eit driftsbudsjett på 130.000 i 2025. I tillegg har styret 50.000 i grunnstøtte drift (infrastruktur) som ligg på same budsjettposten. Per 11.11 er det totalt brukt om lag 81.600 av budsjettet, derav 11.000 i grunnstøtte drift.

Sjølv om kostnadane med siste møte ikkje er med i tala her, ligg det an til at styret vil bruke vesentleg mindre enn budsjettet i 2025.

Forvaltar registrerer at ikkje alle har sendt inn krav om reise- og møtegodtgjersle for alle møta. Det bør de gjere, dette er pengar som går tilbake til direktorat og departement om dei ikkje vert brukt. Styret får ikkje pengane med seg vidare.

Nasjonalparkstatus

Her har det ikkje skjedd noko nytt sidan sist. Som informert om tidlegare har nasjonale styresmakter instruert Statsforvaltaren om å prioritere nytt vern framfor å endre eksisterande vern. Forvaltar har sendt melding til seksjonssjef på naturmangfaldseksjonen og bede om ei orientering om arbeidet.



Arkivsaksnr: 2019/4056-36

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 20.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/25	28.11.2025

Ålfotbreen landskapsvernområde - gjennomførte tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidler per 18.11.25
- Tildeling av tiltaksmidler til Ålfotbreen i 2025

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre søkte om totalt 415.000 i tiltaksmidler for 2025, fordelt på fem ulike tiltak. Styret vart tildelt 250.000 frå Miljødirektoratet. Tre av tiltaka vart «godkjent» for bruk av tiltaksmidler, medan to av dei fekk status «avvent». Miljødirektoratet ville ha meir informasjon og meir «gryteklare» tiltak før dei vart godkjent for tiltaksmidler.

Arbeid med tiltaka

Det har vore eit krevjande år å jobbe med tiltak i Ålfotbreen, av ulike årsaker. Vi har derfor ikkje fått gjort so mykje som både styre og forvaltning har ønska, og vi vil ikkje bruke opp tiltaksmidlane.



Vi kan begynne med det enkle og positive. Rydde skog langs skogvegen i Hope var eit enkelt og veldig konkret tiltak som vart ferdig gjennomført ganske tidleg. Kostnad vart i tillegg noko mindre enn estimert, det kosta 12.300 kr.

Montering av eit informasjonsskilt ved parkeringsplass i Brandsøy vil òg kome på plass, enten i 2025 eller tidleg i 2026. Tiltaket vil uansett verte finansiert med årets tiltaksmidlar, vi ventar her på faktura frå Landskapsservice som vi har rammeavtale med. Det har vore litt fram og tilbake med plasseringa av skiltet. Parkeringsplassen i Brandsøy er nok ikkje ideell, men det er den som er gjennomførbar på noverande tidspunkt. Vi får heller sette opp fleire skilt seinare.

Merking av stiar i Nordalsfjorden har det ikkje blitt jobba med. Vi ser her tydleg at det kan vere utfordrande når vi vert avhengige av eksterne aktørar og særleg frivillig sektor. Ikkje eit vondt ord om den innsatsen som vert lagt ned i frivillig sektor, men vi ser likevel at gjennomføringsevna blir meir usikker når tiltaka skal skje på dugnad/fritid. Det gjeld både fysisk arbeid og administrasjon.

Dei store og mest kostnadskrevjande tiltaka var dei som skulle avvente. Arbeid i hamna på Mettenes ville eigaren sjølv utsette til 2026, so dette må vi komme tilbake til. Forvaltar skal jobbe opp mot grunneigar for å få på plass ei avtale.

I haust har vi fått meir konkrete planer om tiltak på bordet frå grunneigarane i Førdedalen. Dei har jobba ei stund med intern organisering, og denne ser no ut til å vere på plass. Grunneigarlaget har spelt inn planar om å gruse opp vegen slik at den vert tryggare og betre å bruke, med kostnad på 160.000 eks mva. Miljødirektoratet har gjeve grønt lys for at styret kan bruke 80.000 av årets tiltaksmidlar til grusinga og dermed ta halve kostnaden.

Ålfotbreen har 50.000 i grunnstøtte til drift og vedlikehald av infrastruktur. Dei kjem i tillegg til tiltaksmidlane og ligg på ein annan budsjettpost. Her har vi brukt 5.000 til drift av toalett i Hope og 6.000 til tilsyn med brua ved Skarvevatnet, altso totalt 11.000.

Bruk av tiltaksmidlar

Forbruk av tiltaksmidlar per no er på berre 12.300, men prognosen er at 165.000 vert brukt. Det endelege talet er avhengig av kor mykje montering av infoskilt i Brandsøy kostar. Uansett vil vi få ein stad mellom 50.000 og 100.000 til overs i år. Det er meldt tilbake til Statsforvaltaren.



Arkivsaksnr: 2025/7290-3
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 10.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	24/25	28.11.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - fråsegn til plan- og utgreiingsprogram for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk

Vedlegg:

- 1 Ålfotbreen verneområdestyre - fråsegn til plan- og utgreiingsprogram Myklebust- og Ramsskredfjellet

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre sender inn fråsegn til høyringa slik som den ligg føre, eventuelt med endringar gjort i styremøte.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- [Varsel om oppstart av områderegulering og høyring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram, for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk](#)
- [Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk - Melding med forslag til plan- og utredningsprogram](#)
- Ålfotbreen verneområdestyre - Brev til Bremanger kommune gjeldande planane om vindkraftanlegg på Myklebustfjellet, Handkletua og Ramsskredfjellet
- Framlegg til høyringsfråsegn frå Ålfotbreen verneområdestyre til plan- og utgreiingsprogram



Bakgrunn

Energiselskapet Zephyr planlegg å bygge vindkraftverk på Myklebust- og Ramsskredfjellet i Bremanger, som ei utviding av anlegget på Guleslettene. I samband med dei planane har Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Bremanger kommune lagt områderegulering og høyring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for prosjektet ut på høyring.

Tiltaksområdet ligg ikkje inne i Ålfotbreen landskapsvernområde, men styret kan likevel engasjere seg i saker som kan påverke verneområdet og bruken av det.

Ålfotbreen verneområdestyre har tidlegare engasjert seg i denne saka, og sendt brev til Bremanger kommune der styret skriv at dei vurderer planane til å vere i strid med verneføremålet for Ålfotbreen landskapsvernområde og at planane derfor bør skrinleggast.

Handsaming i møtet

Verneområdeforvaltar har skrive eit utkast til høyringsfråsegn som tek utgangspunkt i det føreslegne plan- og utgreiingsprogrammet og verknader for landskapsvernområdet, verneverdiane og opplevingane i verneområdet.

Styret diskuterer saka i møte. Styret står fritt til å endre på framlegg, legge til, trekke frå eller skrive ei heilt ny fråsegn.

Ålfotbreen verneområdestyre – høyringsfråsegn til plan- og utgreiingsprogram for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk.

Ålfotbreen verneområdestyre er eit statleg oppnemnd styre som har som hovudoppgåve å ta vare på verneverdiane og verneføremålet i Ålfotbreen landskapsvernområde.

Energiselskapet Zephyr planlegg å bygge vindkraftverk på Myklebust- og Ramsskredfjellet i Bremanger, som ei utviding av anlegget på Guleslettene. I samband med dei planane har Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Bremanger kommune lagt områderegulering og høyring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for prosjektet ut på høyring. Tiltaksområdet ligg ikkje inne i Ålfotbreen landskapsvernområde, men styret kan likevel engasjere seg i saker som kan påverke verneområdet og bruken av det.

Det er viktig at verknader og konsekvensar av ei utbygging vert synleggjort og illustrert. Det er snakk om å bygge 30-40 vindtrubinar som er mellom 160 og 240 meter høge (totalhøgde), i eit område som ligg frå 4 kilometer til om lag 10 kilometer frå Ålfotbreen landskapsvernområde.

Utgreiingsprogrammet bør innehalde ei analyse over kor langt inn i landskapsvernområdet og dei omkringliggende områda, vindturbinane vil vere synlege. Truleg vil turbinane vere godt synleg frå populære turmål i verneområdet som Hjelmen, Keipen, Risebøra, Saga, Trollebotsnipa og Egga med fleire. Ålfotbreen verneområdestyre ber om at dette vert vektlagt i utgreiingsprogrammet.

I framlegg til plan- og utgreiingsprogram er det i punkt 6.2.5 Landskap, lista opp ei rekke fotostandpunkt der vindkraftverket skal visualiserast frå. Ålfotbreen landskapsvernområde er eit av desse punkta. Vi vil der minne om at Ålfotbreen landskapsvernområde er eit langstrakt verneområde med mange populære turmål, og at det langt i frå er nok med eitt fotostandpunkt for å visualisere påverknaden og kor synleg turbinane og andre inngrep blir frå verneområdet.

I punkt 6.2.8 Friluftsliv er det lista opp relevante aktørar som tiltakshavar vil kontakte, i hovudsak lokale aktørar. Her vil vi oppmode om at regionale ledd i natur- og friluftsansjonane og bør kontaktast i tillegg til dei lokale. Dei regionale ledda har ofte meir ressursar og viktig kompetanse og erfaring med å jobbe med energisaker.

Ålfotbreen verneområdestyre har tidlegare engasjert seg i denne saka, og sendt brev til Bremanger kommune der styret skriv at dei vurderer planane til å vere i strid med verneføremålet for Ålfotbreen landskapsvernområde og at planane derfor bør skrinleggast.



Arkivsaksnr: 2019/2582-25

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 20.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	25/25	28.11.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2026

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre søker Miljødirektoratet følgjande for 2026:

- Driftsbudsjett for styret på kr 154.500
- Driftsmidlar til vedlikehald kr 50.000
- Planmidlar til revidering av besøksstrategi kr 15.000

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre for 2026 (framlegg)

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventta kostnader som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året, noko som normalt sett vil vere tilstrekkeleg med den saksmengda vi har. Det er derfor naturleg å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tappt arbeidsforteneste, reisekostnader og kostnader til lokale og servering på møta. Forvaltar legg til grunn at eit av møta vert digitalt.



Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkast reisekostnad. I tillegg har vi kostnader med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle. Vi har normalt eitt møte i Rådgjevande utval kvart år, i september eller tidleg i oktober.

Konferansar og studieturar

Vi hadde planer om studietur i 2025. Det vart ikkje gjennomført, men vi snakka om å ha studieturen til Nord-Gudbrandsdalen på våren i 2026 i staden for. Det må vi ta høgde for i budsjettet.

Drift av nettsider

Vi har nokre mindre kostnader til drift av nettsidene våre. Vi har der ein avtale med leverandør av nettsidene, Trollbinde AS på Dombås. Dette er inkludert i driftsbudsjettet til styret.

Driftsmidlar

Driftsmidlar til vedlikehald og drift av infrastruktur er ein ny post som vi fekk i 2024. Vi fekk då 50.000 som kan brukast til vedlikehald og drift av anlegg og infrastruktur, først og fremst slikt som vi tidlegare har investert i. Dei midlane ligg på same budsjettpost som driftsbudsjettet til styret.

Planmidlar

Midlar til kartlegging, planarbeid og liknande ligg på same budsjettposten som driftsbudsjettet til styret. Dersom ein har behov for den typen midlar, skal dei søkjast om saman med driftsbudsjettet.

Det kan kome nokre kostnader i samband med revidering av besøksstrategien for Ålfotbreen, knytt til møteverksemd og auka arbeidsmengde hjå styreleiar (prosjektleiar). Dette vert teke høgde for i budsjettet.

Forvaltninga ser i utgangspunktet ikkje fleire slike behov for Ålfotbreen i 2026, men det kan vere aktuelt dersom det skal gjerast kunnskapsinnhenting i samband med nasjonalparkprosessen.

Ferdselsteljarar

Ferdselsteljarar på stiar og vegar er ein av metodane ein brukar for å få data på bruken av eit område. Teljarane registrerer når nokon passerer gjennom eit spesielt punkt, og so kan ein enten lese av eller få tilsendt data frå teljaren. Dei er mykje brukt i ein del større og mykje besøkte nasjonalparker, men vi har ikkje brukt dei hos oss.

Ferdselsteljarane har sine fordeler og ulemper. Dei har ein kostnad, krev litt oppfølging og har nokre feilkjelder, men eg tenkjer likevel at det kan vere aktuelt for Ålfotbreen. Vi har fleire stiar og punkt kor ein slik ferdselsteljar kan fungere og gje nyttige tal. Særleg opp mot besøksstrategien som er under revidering.



Dei mest aktuelle stadane er:

1. Førdedalen
2. Stien til Gjeugnabu
3. Stien til Blåbrebu

Dersom vi skal sette opp ein eller fleire ferdselteljarar må vi enten søke om og få tildelt ein av Miljødirektoratet sine, eller vi må kjøpe inn sjølv. Dersom vi skal kjøpe inn må vi søke om midlar via driftsbudsjettet. Det er ikkje sett opp i forslaget per no, men det kan styret legge til. Vi kan og søke om å få tildelt ein av Miljødirektoratet sine, eventuelt begge deler.



Arkivsaksnr: 2019/10801-6

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 14.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	26/25	28.11.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - revidere tiltaksplan

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre vedtek oppdatert tiltaksplan slik den ligg føre, eventuelt med justeringar gjort i møte.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Framlegg til tiltaksplan for Ålfotbreen landskapsvernområde
- [Besøksstrategi for Ålfotbreen LVO](#)
- [Forvaltningsplan for Ålfotbreen LVO](#)

Bakgrunn

Kvart år søker Ålfotbreen verneområdestyre om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane. Tiltaka skal vere med på å oppnå målsetningar i forvaltningsplan, besøksstrategi og andre dokument. Tiltaka som ein skal søke om midlar til bør ha ei forankring i planverket til forvaltninga.

Både forvaltningsplan og besøksstrategi er nokre år gamle (styret har vedteke at besøksstrategien skal reviderast). Dei fleste tiltaka i dei gjeldande plandokumenta er enten gjennomført eller ikkje lenger aktuelle. Nye behov og problemstillingar har dessutan dukka opp i åra som har gått. Det er derfor behov for ein meir oppdatert tiltaksplan som grunnlag for søknad om og bruk av tiltaksmidlar.



Tiltaksplanen til Ålfotbreen er eit enkelt og dynamisk dokument som vert oppdatert kvart år. Gjennomførte tiltak vert kvittert ut, igangsette tiltak vert endra og oppdatert tilpassa gjeldande status, og nye behov vert lagt inn. På ein del tiltak vert og kostnadsestimatet justert ut i frå kunnskapsgrunnlag og ambisjonsnivå. Den gjeldande planen vart revidert hausten 2024.

Handsaming i møte

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der.



Arkivsaksnr: 2019/4056-35

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 14.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	27/25	28.11.2025

Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om tiltaksmidler for 2026

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre søker om følgjande tiltaksmidler for 2026:

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Toalett i Førdedalen	Sette opp enkelt toalett av type snurredo eller bido ved gapahuken i Førdedalen.	100 000
2	Rydde vekk skrot og søppel frå Grøndalen	Rydde sammen og fly ut søppel og gamle bygningsrestar frå Grøndalsstøylen	70 000
3	Hamna på Mettenes	Gjere ferdig "innmaten" i hamna på Mettenes slik at den vert attraktiv for ålmenta å bruke.	150 000
Totalt			320 000



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for statsforvaltere og verneområdestyrene 2026
- Strategi for bruk av tiltaksmidler i verneområder 2025-2030
- Tiltaksplan for Ålfotbreen landskapsvernområde

Bakgrunn

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2026. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan. Miljødirektoratet sin strategi for bruk av tiltaksmidlar ligg vedlagt.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt. Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Vurdering

Som forvaltar har tatt opp tidlegare so kan det vere ein tanke å redusere ambisjonsnivået eit år, og heller fokusere på revisjon av besøksstrategi og å kome i forkant med planlegging av framtidige tiltak. Eg har derfor ført opp få tiltak på lista for 2026.

Eg har fokusert på dei konkrete innspela som har kome frå grunneigarlag (toalett i Førdedalen) og SNO (oppdydding). I tillegg tek vi med oss tiltak som vart utsett no i 2025 (hamn på Mettenes).



Styret kan og ha i mente at vi mest truleg vil få grunnstøtte drift i 2026. Dette er ganske frie midlar som kan brukast til drift og vedlikehald av infrastruktur og anlegg, og til oppdukkande behov.

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.



Arkivsaksnr: 2024/17534-2

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 14.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	28/25	28.11.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - bestille ressursar frå Statens naturoppsyn i 2026

Innstilling frå forvaltar

Forslag til bestilling av SNO-ressursar i 2026:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgevande utval
- Rydde opp og transportere ut skrot ved Grøndalsstøylen

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for statsforvalterne og verneområdestyrene - midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, samt SNO-ressurser i verneområder – 2026

Bakgrunn

Det lokale naturoppsynet er feltapparatet til styret og forvaltninga. Det er oppsynet som er våre auge der ute i felt, og som i hovudsak skal kontrollere og dokumentere på vegner av styret.

Vi har ein god kommunikasjon med lokalt SNO, men det er likevel krav til at vi bestiller ressursar, oppdrag og tenester frå SNO gjennom løysinga som heiter Naturoppdrag.

Det viktigaste konkrete bidraget frå SNO til verneområdestyret er at lokalt naturoppsyn er med på møta i verneområdestyret og i møte med rådgevande utval. Lokalt SNO bidreg her med viktig kompetanse og informasjon.

SNO har sjølv meldt inn planane om å få rydda opp skrot og gamle bygningsrestar frå Grøndalsstøylen.



Arkivsaksnr: 2025/14973-2

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 14.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	29/25	28.11.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - vedta prosjektplan for revidering av besøksstrategi

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek prosjektplan for revidering av besøksstrategi

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- [Besøksstrategi for Ålfotbreen LVO \(gjeldande\)](#)
- Framlegg til prosjektplan for revidering av besøksstrategi

Bakgrunn

På styremøte 4/2025 vedtok Ålfotbreen verneområdestyre at besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde skal reviderast. Styret bad om at det vart lagt fram ein prosjektplan for arbeidet på neste styremøte.

Handsaming i møte

Styret går gjennom framlegg til prosjektplan og gjer eventuelle endringar. Styret vedtek prosjektplan for revideringa.

Prosjektplan for revidering av besøksstrategien for Ålfotbreen landskapsvernområde

1. Målsetning og forventning til prosjektet

Målet med prosjektet er å få ein oppdatert besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde. Den oppdaterte strategien skal vere eit hjelpemiddel for styre og forvaltning til å ta vare på verneverdiane, styre ferdsel, prioritere tiltaksmidlar og legge til rette for lokal verdiskaping.

Målsetning og forventning til første utgåve av besøksstrategien:

- a. *Proessen med besøksstrategi skal gje forvaltninga kunnskap om og innsikt i:*
 - i. *Sårbare naturverdiar i verneområdet som kan verte påverka av besøk/bruk*
 - ii. *Reiselivet sin bruk av verneområdet i dag og potensiell bruk i framtida*
 - iii. *«Lokalt» friluftsliv sin bruk av verneområdet i dag*
 - iv. *Eventuelle verknader av dagens bruk og framtidig bruk av verneområdet*
- b. *Gjennom prosessen skal forvaltninga ta nokre strategiske val*
 - i. *Kva tiltak ein skal gjere for å handtere besøk i verneområdet?*
 - ii. *Kven skal tiltaka rettast mot?*
 - iii. *Kor ein skal gjere desse tiltaka?*

2. Skildring av kva ein besøksstrategi er

Ein besøksstrategi er ein plan for korleis forvaltningsstyresmakta vil handtere besøksforvaltninga i verneområdet. Strategien skal seie noko om reiselivet og friluftslivet sin bruk av området og kva strategiske val forvaltninga gjer for å handtere dette.

Besøksstrategien skal bidra til å gje dei besøkande gode opplevingar, legge til rette for lokal verdiskaping, og samstundes ta vare på verneverdiane. Dersom det er motstrid mellom dei tre målsetningane, er det omsynet til verneverdiane som skal leggjast mest vekt på.

3. Skildre målgruppa

- a. Reiselivsverksemder i kommunane rundt verneområdet;
Hotell, campingplassar, verksemder som driv guiding og utleige mm.
- b. Tilreisande
Tilreisande som besøker verneområdet. Både dei som brukar reiselivsverksemdene og dei som bur privat.
- c. Lokale brukarar av verneområdet
Besøkande i verneområdet som bur i kommunane rundt verneområdet
- d. Forvaltninga
Besøksstrategien skal vere eit styringsdokument som skal hjelpe forvaltninga til å ha retning og struktur i sitt arbeid med å oppnå måla sine.

4. Organisering av prosjektet

Prosjektgruppe (forslag):

Styreleiar/styremedlem - prosjektleiar

Verneområdeforvaltar – prosjektmedarbeidar

Naturoppsyn - prosjektmedarbeidar

5. Skildring av ulike roller i prosjektet

- a. Prosjektleiar:
Styreleiar eller eit *styremedlem*
 - i. Vere til støtte for prosjektmedarbeidarane.
 - ii. Ta mindre strategiske val undervegs.

- b. Prosjektmedarbeidarar:

Verneområdeforvaltaren skal gjere det meste av arbeidet i prosjektet:

- i. Innhente kunnskap
- ii. Systematisere og kvalitetssikre kunnskap
- iii. Identifisere strategiske spørsmål/retningsval
- iv. Legge til rette for medverknad gjennom møter, dialog og høringsrunder
- v. Skrive framlegg til besøksstrategi
- vi. Legge framlegget fram for verneområdestyret

Lokalt naturoppsyn skal:

- i. Støtte verneområdeforvaltar i faglege spørsmål og diskusjonar
- ii. Hjelpe til med innhenting av kunnskap

6. Kompetansebehov

Vi går ut i frå at vi har den naudsynte kompetanse internt, når vi inkluderer ressursane til den lokale forvaltninga, lokalt naturoppsyn, Statsforvaltaren, styre, rådgjevande utval og administrativt kontaktutval.

7. Mandat for prosjektgruppa

1. Planlegge og gjennomføre prosessen med å revidere besøksstrategi
2. Hente inn kunnskapen som trengs til strategien
3. Gjennomføre tilstrekkelege prosessar for medverknad
4. Skrive eit framlegg til besøksstrategi som skal leggjast fram for verneområdestyret

8. Tidsplan

September 2025	Vedtak om å utarbeide besøksstrategi	Styret
Oktober 2025	Lage prosjektplan	Forvaltar
November 2025	Vedta prosjektplan	Styret
Januar – April 2026	- Oppdatere kunnskapsgrunnlaget - Identifisere utfordringar - Sikre medverknad og innspel gjennom møter med	Forvaltar med støtte frå styre og naturoppsyn ved behov
Mai 2026	Ta strategiske val	Styret
Juni –Oktober 2026	Skrive utkast til besøksstrategi som skal leggjast fram for styret	Forvaltar
November 2026	Vedta besøksstrategi og sende den til Miljødirektoratet for godkjenning	Styret

9. Budsjett

Det meste av arbeidet vil forvaltaren stå for i si vanlege arbeidstid som ein del av sitt arbeid som sekretariat for verneområdestyret. Dette vil ikkje generere kostnader ut over det normale budsjettet for lønsmidlar til forvaltar.

Reiseutgifter vert og dekkja innanfor forvaltar sitt reisebudsjett

Lokalt naturoppsyn sitt arbeid og reiser i prosjektet vil og verte dekkja innanfor oppsynet sitt «vanlege» budsjett for stillinga.

Prosjektleiar sitt arbeid i prosjektet må dekkast gjennom honorar/godtgjerdsle, på same måte som styremøter og førebuing. Dette må takast høgde for i driftsbudsjettet til styret.

Det vil komme kostnader i samband med møter med eksterne. Det må takast høgde for i driftsbudsjettet til verneområdestyret for 2026.

Budsjett:

Godtgjerdsle til prosjektleiar	5.000
<u>Møtekostnader</u>	<u>10.000</u>
Sum:	15.000

10. Kort skildring av vidare arbeid med besøksforvaltning

Besøksstrategien skal ligge til grunn for dei satsingar og prioriteringar som styret skal gjere dei komande åra når det gjeld å handtere dei besøkande til verneområdet. Strategien vil og vere eit heilt sentralt dokument for prioritering og bruk av tiltaksmidlane som verneområdestyret får frå Miljødirektoratet kvart år.

ST 30/25 Eventuelt